

## Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.05.2015

### Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek slik tekst for årsmeldinga 2014 for rådet:  
«RMNF har i 2014 handsama 52 vedtakssaker. Mange av dei er rutinesaker, ein del høyringar, fleire synfaringar, temadagen "Grenselaus kultur", og den årlege fellessamlinga for alle fylkesråda i Noreg. (bilde av Amalie Skram)

*Ei av dei viktigaste og mest positive sakene for rådet i 2014, er Amalie Skram vidaregåande skule. Saka starta i førre rådsperiode, og rådet var aktivt med i planarbeidet. Først eit arbeidsmøte med arkitektane der ein hadde fokus på tilgjenge, og seinare eit liknande møte der ein tok for seg andre forhold ved Universell utforming, hørsel, syn, akustikk, ventilasjon osv. Både det fylkeskommunale rådet og rådet i Bergen deltok i begge møta, og kom med konstruktive kommentarer som arkitektane tok med i det vidare arbeidet. Dette gjaldt både skuledelen og svømmeanlegget. 29. oktober var begge råda på synfaring på Amalie Skram vidaregåande, og det var ei positiv oppleving å sjå at forslaga til endringar som råda hadde, no var gjennomført. Denne sakshandsaminga viser kor viktig det er at rådet kjem inn på planstadiet, og kor viktig det er at arkitektane har god forståing for universell utforming, og at dei tar RMNF med tidleg i prosessen.*

*Ei anna og viktig sak i 2014 var Voss vidaregåande skule. Der kom ikkje rådet inn før forprosjektet var ferdig, og fristen for uttale var så kort, at ein måtte ha eit ekstramøte for å få komma med uttale. Det meste var bra i planane, men rådet peika på eit forhold i kantina. Der hadde arkitektane laga til som eit amfi med tre nivå. Rørslehemma hadde tilgjenge til nivå 1 og 2, men ikkje til nivå 3. Rådet peika på at dette er sosialt ekskluderande. Kantina var derfor ikkje universelt utforma. Rådet er seinare informert om at det vert gjort endringar i planane, slik at alle deler av kantina no blir tilgjengeleg.*

*Rådet har elles vore på synfaringar både på tannklinikkar og skular som er rehabilert, eller er under rehabilitering, og levert rapport tilbake til bygg- og eigedomsavdelinga. Ein har her ein svært god dialog, og rådet blir tatt med vidare i planane.*

*RMNF har dei siste åra fått ein god dialog med Skyss, og har jamleg fått orienteringar frå Skyss om utbyggingsplanar for Bybana og kollektivknutepunkt.*

*Justeringa av kriteriene for TT-ordninga er også ei sak rådet har jobba for, og rådet er nøgd med dei endringane som er gjort.*

*Siste året har rådet også hatt større fokus på kultur, både tilgjenge til lokalet, men kanskje mest til opplevinga for publikum. Ei ros til kulturavdelinga i fylket og til Den Nasjonale Scene for nytenking når det gjeld å få formidla kulturen til nye publikumsgrupper.*

*På forespørsel frå KURE var rådet på synfaring på Cornerteateret 10.01.14. Bakgrunnen var ein søknad om driftstilskot på kr 500000,-. HFK ville stilla vilkår om universell utforming før utbetaling. Ei fyldig rapport er å finna i møtereferat for rådet frå 10.01.14. Grunnlaget for søknaden var etter dei gamle Tek-07 (byggteknisk forskrift), der krava til universell utforming er lågare enn etter Tek-10. Bygget er tilrettelagt med universell utforming for publikum i 1. etasje.*

*(Medlemmer i rådet i 2014)*

*Mandat for RMNF finn ein på rådet si nettside.»*